



## KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 05. desember 2019

**Stad:** Meland kommunehus – Formannskapssalen

**Kl.:** 08.30 – 12.00

**Tilstade:** Kåre Skibenes (leiar), Lars Barstad (nestleiar), Anne Marie Skurtveit (medlem), Rikke Slåtten Nordal (medlem), Aslaug Aalen (medlem), og Dag Erik Hagesæther (vara for Øyvind Bratshaug)

**Innkalla:** Økonomisjef Per Inge Olsen (til sak 43-46/19)

**Revisjon:** Revisjonssjef Janne Eraker, Nordhordland Revisjon

**Sekretær:** Øivind Olsnes

**Forfall:** Øyvind Bratshaug  
Morten Klementsens. Personleg varamedlem kalla inn, men kunne ikkje møte

I møtet var derfor 6 av 7 medlemmar til stades.

.....

### 40/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent

### 41/19 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

**Saksvedlegg:**

Møteutskrift frå møtet 19.09.2019

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen frå 19.09.2019 er godkjent

**Samrøystes vedtak:**

Møteprotokollen frå 19.09.2019 er godkjent

## 42/19 Skriv og meldingar

### Saksvedlegg:

- a. Referat fellesmøte for kontrollutvala 25.09.2019
- b. Vedtak Alver kommunestyre - Val av kontrollutval for perioden 2019-2023

### Behandling i møte:

### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

## 43/19 Oppfølging av revisjonsrapport nr 16

### Saksvedlegg:

*Revisjonsrapport nr. 16, var vedlagt sak 18/19 og vert ikkje lagt ved her.*

### Saksopplysningar:

Revisjonsrapport nr. 16 var lagt ved saka ved handsaming av årsrekneskapet for 2018. I saka gav kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskap / årsmelding for 2018.

I kontrollutvalet sin uttale vart det slik vist til revisjonsrapport nr 16 og revisjonen sine kommentarar til rekneskapen:

*Av Revisjonsrapport nr 16 går det fram kva tilhøve revisjonen har gjeve kommentarar til. Etter utførte kontrollar er det i revisjonsrapporten kommentert og gjeve tilrådingar for ulike tilhøve vedkomande:*

- 1.1 *Innkjøp og mva – gjennomført kontrollar – avvik er retta, ingen merknad*
- 1.2 *Sosiale utbetalingar – rutinar vedkomande dokumentasjon er påpeika også tidlegare år – noko er gjennomført, men rådd til å følgje opp dette i 2019*
- 1.3 *Inntekter – utført kontrollar – ingen avvik funne*
- 1.4 *Lønskostnader – utført stikkprøvar – ingen vesentlege merknader*
- 1.5 *MVA komp utleigebustader – revisjonen påpeika også i fjor manglande rutinar og ansvars plassering – ber no om at dette vert prioritert*

*Vedkomande årsrekneskapet er det som i fjor kommentert og tilrådd oppfølging av:*

- 2.1 *Langsiktig gjeld*
  - *tilrådd å vurdere kostnad ved risiko for bruk av kortsiktige finansielle instrument*
  - *tilrår betre dokumentering av arbeidsdeling ved refinansiering av lån i samsvar med finansreglement*
- 2.2 *Økonomisk sosialhjelp og foreldrebetaling – avstemming ikkje dokumentert - tilrådd at rutine bør innførast*

Revisjonen vurderte i sin rapport sine kommentarar som ikkje vesentleg i høve til revisjonsmeldinga.

I samsvar med årleg oppfølging av revisjonsrapportane er rådmannen ved økonomisjef innkalla til møte for å gje ein status for oppfølging av kommentarar / tilrådde tiltak i rapporten.

**Behandling i møte:**

Økonomisjefen deltok i møtet og orienterte om korleis merknader i *Revisjonsrapport nr. 16* no er/vert følgd opp.

- Ikkje gjennomført så mange endringar i haust
- Vil gjere ein del endringar i forbindelse med årsoppgjeret
- Har vore fokus i haust på førebuing av lønn og budsjett for Alver kommune
- Vil utarbeide eit notat om oppfølginga til kontrollutvalet ved avslutning av årsrekneskapet for 2019

Saka vart drøfta

Økonomisjefen svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek den til etterretning

**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet er usikker på om ulike tiltak er følgd opp som føresett og forventa i løpet av året fordi det ikkje føreligg dokumentasjon til møte.

Kontrollutvalet ber om ein skriftleg rapport om status innan ei veke

#### **44/19 Uavhengighetserklæring Meland kommune 2019**

**Saksvedlegg:**

Uavhengighetserklæring frå Nordhordland Revisjon IKS, datert 02.12.2019 vart ettersendt i epost den 4.12.

**Saksopplysningar:**

Revisjonssjef Janne Eraker i Nordhordland Revisjon IKS har utferdiga ei oppdatert eigavurdering av uavhengighet i høve krav til kommunelova § 79 og revisjonsforskrifta §§ 12,13,14 og 15

**Behandling i møte:**

Revisjonssjef Janne Eraker deltok under behandling og orienterte kort om saka

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek erklæringa til etterretning

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek erklæringa til etterretning

## 45/19 Interimsrevisjon 2019

### Saksvedlegg:

Interimsrapport frå Nordhordland Revisjon IKS, datert 02.12.2019  
vart ettersendt i epost den 4.12.

### Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. Kommunelova § 77.4, der det mellom anna står:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»*

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. Forskrift om kontrollutvalg § 4, der det mellom anna står:

*«Kontrollutvalget skal føre det løpande tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegen av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»*

Det nyvalde kontrollutvalet for Alver kommune trer ikkje i funksjon før etter nyåret. Det ligg derfor til kontrollutvalet for Meland kommune å sjå til at revisjonen har utført sin interimsrevisjon av rekneskapet for 2019.

Revisjonen vil i saka presentere sin rapport for gjennomført interimsrevisjon av årsrekneskapet for 2019.

Dersom det ikkje kjem fram noko særskilt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tek oppsummeringa etter interimsrevisjon 2019 frå Nordhordland Revisjon til orientering.

### **Behandling i møte:**

Revisjonssjef Janne Eraker deltok under behandling og orienterte om rapporten.

Økonomisjefen orienterte om planlagt arbeid med årsoppgjeret for 2019, og opplyste om at det er gjort endringar i høve fullmakter, som er omtala i rapporten.

### **Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek Nordhordland Revisjon sin rapport om interimsrevisjon av årsrekneskapet for 2019 til etterretning

### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek Nordhordland Revisjon sin rapport om interimsrevisjon av årsrekneskapet for 2019 til etterretning

## 46/19 Plan for revisjon av siste årsrekneskap for Meland kommune

### Saksvedlegg:

#### Saksopplysningar:

Årsrekneskapet for 2019 vert det siste for Meland kommune.

Resultat og balansetal skal samordnast med rekneskapstala for Lindås og Radøy til ein inngåande balanse for nye Alver kommune pr. 01.01.2020.

Nordhordland Revisjon IKS skal i 2020 revidere ferdig Meland kommune sitt årsrekneskap for 2019.

Revisjonssjefen er førespurt om å orientere om plan for revisjon av det avsluttande årsrekneskapen. Det vil også verte orientert om endring i lovgjevinga vedkomande «bestemmelse om etterlevelseskontroll», som trer i kraft allereide for 2019.

Sekretariatet føreslår at kontrollutvalet drøftar om det er eventuelt fokusområde som bør vektleggjast og om det er risikoområde som bør takast omsyn til i revisjonen sitt arbeid. Det er i den samanheng aktuelt å vurdere status for oppfølging av revisjonsrapport nr 16. og eventuelt tilhøve som revisjonen peikar på i sin interimrapport.

### Behandling i møte:

Revisjonssjef Janne Eraker orienterte om plan for revisjonen av siste årsrekneskap - 2019 - for Meland kommune og orienterte om kva endringar i lovgjevinga som vert å ta omsyn til.

Det vart mellom anna orientert om:

- Rekneskapet skal reviderast etter den gamle kommunelova
- Planen er å avgje revisjonsberetningen innan 15. april
- Departementet har stadfesta at det skal gjennomførast av ein forenkla etterlevingskontroll for 2019

Revisjonen svarte på spørsmål frå kontrollutvalet

### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

Kontrollutvalet vil be revisjonen fokusere på bruk av sjølvkostfonda ved gjennomføring av ein forenkla etterlevingskontroll

## 47/19 Oppsummering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden 2015 -2019

### Saksvedlegg:

Framlegg til: Oppsummering av arbeidet i perioden 2015 -2019

### Saksopplysningar:

Sekretariatet har utarbeida eit framlegg til oppsummering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden. Denne er basert på årsmeldingane frå utvalet for åra 2016-2018 og dei drøftingar som har funne stad i møta, inkludert dei siste møta i perioden.

Rådmannen orienterte i møte den 12.09.2018 om si oppfølging av forvaltningsrapport - *Vedtaksoppfølging Meland kommune*. Tilrådingane skal følgjast opp i samarbeid om førebuing av Alver kommune.

Kontrollutvalet fylte i møte den 11. april ut eit evalueringsskjema, som kan følgje ved oppsummeringa til nytt utval.

### Behandling i møte:

Framlegg til oppsummeringa vart drøfta

### Framlegg til vedtak:

Oppsummeringa av kontrollutvalet sitt arbeid for perioden 2015 – 2019 vert godkjend slik den føreligg / med dei endringar som vart føretak i møte.  
Tidlegare utfylt evalueringsskjema vert å leggje ved sluttrapporten frå perioden.

Kontrollutvalet for Alver kommune vert oppmoda om å følgje opp forvaltningsprosjekta «*Helsetilbodet til barn og unge*» og «*Vedtaksoppfølging Meland kommune*», som er føresett gjennomført i felles prosjektarbeid for Alver kommune.

### Samrøystes vedtak:

Oppsummeringa av kontrollutvalet sitt arbeid for perioden 2015 – 2019 vert godkjend slik den føreligg.  
Tidlegare utfylt evalueringsskjema vert å leggje ved sluttrapporten frå perioden.

Kontrollutvalet for Alver kommune vert oppmoda om å følgje opp forvaltningsprosjekta «*Helsetilbodet til barn og unge*» og «*Vedtaksoppfølging Meland kommune*», som er føresett gjennomført i felles prosjektarbeid for Alver kommune.

#### **48/19 Brev til kontrollutvalet med innspel til gjennomføring av forvaltningskontroll**

Saksvedlegg:

Brev datert 19.09.2019 frå 123 Entreprenør AS med vedlegg

Saksopplysningar:

Brevet vart innlevert på Meland rådhus den 7.11. og henta av sekretariatet neste dag. Sekretariatet har orientert avsendar per telefon om at brevet er motteke og vil verte framlagt for kontrollutvalet til drøfting om vidare oppfølging.

Avsendar er gjort kjend med kontrollutvalet ikkje er eit klageorgan for einskildvedtak.

Avsendar ønskjer at kontrollutvalet vurderer dei forvaltningsmessige sider av saka i byggeprosessen, herunder saksbehandlinga i høve Forvaltningslov og Plan- og bygningslov.

Prosjektet har bakgrunn i søknadar og løyve gjeve år attende. Einskilde element er gjennomført og avslutta, men framleis er byggeprosjektet under arbeid.

Saka kjem som innspel til kontrollutvalet på tampen av funksjonsperioden. Dersom kontrollutvalet meiner at saka bør følgjast opp, så må dette vurderast nærmare av det nye kontrollutvalet for Alver kommune.

Saka vert lagt fram for kontrollutvalet til drøfting utifrå opplysningar i innsendt brev og vedlegg. Saka vert lagt fram utan tilråding frå sekretariatet.

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet kan ikkje ta stilling til denne saka som einskildsak

Kontrollutvalet oppmodar om at kontrollutvalet i Alver vurderer å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon innan byggesak, der opplysningar i motteke skriv kan vurderast i utforming av forvaltningsprosjektet.

#### **49/19 Melding til kontrollutvalet - U. off.**

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har motteke ei melding, som vert lagt fram i møtet.

Leiar vil orientere om saka.

*Det vil verte foreslege at kontrollutvalet vedtek å lukke møtet under denne saka med heimel i offentleglova §13,24, forvaltningslova §13 og kommunelova §31.*

**Behandling i møte:**

Leiar orienterte kort om bakgrunn for framlegg om å lukke møtet i denne saka. Leiar sitt framlegg om å lukke møtet under handsaming av saka med heimel i offentleglova §13,24, forvaltningslova §13 og kommunelova §31 vart samrøystes vedteke.

Leiar og sekretær for utvalet orienterte om mottekne opplysningar i meldinga.

Kontrollutvalet drøfta deretter saka og trong til vidare oppfølging. Mandat for revisjonen sitt arbeid vart drøfta.

**Framlegg til vedtak:**

**Samrøystes vedtak:**

Saka vert med heimel i offentleglova §13,24, forvaltningslova §13 og kommunelova §31 unnateke off. innsyn.

Kontrollutvalet ber revisjonen føreta ei kontrolloppgåve som avtalt i møtet

#### **50/19 Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval**

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har tilgang til alle møteprotokollar og har fordelt gjennomgang av møtebøker mellom medlemmene slik:

UDU: Aslaug Aalen, Øyvind Bratshaug

ULK: Anne Marie Skurtveit, Rikke Nordal, Morten Klementsens

FM/KS: Lars Barstad, Kåre Skibenes

**Behandling i møte:**

Ingen merknader vart tekne opp i møtet

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval



**51/19 Eventuelt**

**Behandling i møte:**

Ingen saker vart tekne opp i møtet:

**Oppfølging:**

**Nytt møte avtalt til 18.12.2019 kl 08.30**

Frekhaug, torsdag 5. desember 2019

*Kåre Skibenes*  
Kåre Skibenes / leiar

*Øivind Olsnes*  
Øivind Olsnes / sekretær

